



MØTEBOK

Tidspunkt: Måndag 23.11.20 kl 1800

Stad: Rauland Kraftforsyningslag

Desse møtte:

Jarle Nordjordet, Halvor Fehn, Marit Kåsa, Tor Aage Dale, Ane Killingtveit

Meldt forfall: Ingen

Andre til stades på møtet:

Sveinung Olsnes, sekretær

Saker til styremøtet:

Sak 16/20: Meldingssaker

Sak 17/20: Oppsummering av reinsjakta

Sak 18/20: Orientering om økonomi

Sak 19/20: Plan for 2021, økonomi, tenestekjøp

Sak 20/20: Byggesaker

Sak 21/20: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Sak 22/20: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Marit Jortveit/s/ Jarle Nordjordet/s/ Halvor Fehn/s/

Marit Kåsa/s/ Tor Aage Dale /s/ Ane Killingtveit/s/

Sak 16/20: Meldingssaker

Saksdokument:

Saksutgreiing:

2020.09.17.001.1.Vetinst-Brev strakstiltak CWD på Hardangervidda
2020.09.22.001.5.utvalet-Uttale til forslag om utvidet jakttid 2020
2020.09.24.001.5.nemda-Protokoll 220920 Utvidelse av jakttid Hardangervidda 2020
2020.09.25.001.1.mdir-Dispensasjon fra forskrift om forvaltning av hjortevilt §
2020.10.29.411.4.-TUT-søknad motorferdsle2021-2023

Forslag til vedak:

Referat:

Orientering ved sekretær. Det var ikkje merknader til meldingssakene.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 17/20: Oppsummering av reinsjakta

Saksdokument:

illrein


	Kalv	1½ år	2½ år og eldre	Sum
Hanndyr			10	10
Hunndyr	1	1	7	9
Sum	1	1	17	19

Sakssutgreiing:

Det vart felt 19 dyr (ca 45%) av korta som vart utdelt frå Rauland FS i år. I tillegg vart det felt 6 vaksne bukkar og 2 vaksne simler på dei 14 innkjøpte Ulvikkorta. Nærmare halvparten av dyra som er felt er felt andre stader enn Rauland SA. Det har ikkje kome meldingar om problem med jegerkonsentrasjonar i år.



Det var eit år med svært mykje dyr gjennom store delar av jakta. Posisjonar frå GPS merka simler i heile jakta gjev dette biletet for Rauland SA:



Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær. Det har kome nokon tilbakemeldingar til enkelte fjellstyremedlemer på at det var noko mykje folk på Saltpytt fyrste helga. Elles har det ikkje kome tilbakemeldingar til fjellstyret på telefon eller epost om tilhøve som har med jakta å gjere.

Vedtak:

Fjellstyret tek orienteringa til vitande.



Sak 18/20: Orientering om økonomi

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Budsjettet for 2020 vart vedteke om lag i balanse. I budsjettet ligg det til grunn sal av rjupejakt for 50000, reinskort 100 000, fiske 10000 og hytteleige 40 000. Det er no seld rjupejakt for 35 000, reinskort for 120 000 pluss ca 5 000 i overføringskort og fiske for ca 15000 (atterhald om fellesfiskekortet). På bakgrunn av dette er det forventa at ein ikkje får store avvik i budsjettera inntekter i 2020. Når det gjeld kostnadssida har det heller ikkje kome til noko som tilseier at ein får store avvik her.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær.

Det kjem fram ei uro i styret for korleis det kjem til å gå med økonomien dersom ein får store reduksjonar i reinsstamma og denne evt vert borte. Styret ynskjer å vere tidleg ute med å signalisere at ein då må ta store grep tidleg nok for å sikre økonomien til alle fjellstyra.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 19/20: Plan for 2021, økonomi, tenestekjøp

Saksdokument:

Sakssutgreiing:

Det må fordelast oppgåver og arbeid i tråd med tidlegare år.

- Ved, innkjøp og transport

Tenestekjøpet har etter budsjettet for 2020 sett slik ut:

tenestekjøp u/refusjon, Fhas	3750
tenestekjøp m/refusjon, Fhas	76000
Samarbeid fjellstyra (inkl villutvalet)	12000



Fjellstyra på Hardangervidda as har kome med førebelse budsjettal som legg opp til ei auke for 2021. Her er Rauland sine tal rekna ut med 3750 for ikkje refusjonsberettiga tenester og 80 000 for refusjonsberettiga tenester. Endeleg budsjett for 2021 skal handsamast av Rauland Fjellstyre på nyåret, men det er viktig at styret tek opp til handsaming ei evt auke av tenestekjøpet allereie no. Saka skal diskuterast på styremøte i FHas på Lampeland den 20 november.

Rauland FS har pr 1 november ca 500 000,- på konto. Alle kostnader for 2020 er enno ikkje betalte, men dei store beløpa har gått ut. Fjellstyret har tidlegare vedteke å ha ein god økonomisk buffer med tanke på usikkerheiten i inntektene i åra som kjem. Både rjupejakt og reinsjakt har utfordringar som ventar i åra framover.

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Orientering ved sekretær.

Tenestekjøp: Sekretær orienterar om at budsjettet er endra i høve til det som stod i saksutgreiinga og er gått ned noko. Styret har ikkje merknader til neste års tenestekjøp, men ynskjer å signalisere at ein må kunne forvente at tenestekjøpet må ned for komande år dersom det vert bortfall av inntekter frå reinsdyrkort.

Halvor orienterar om at det er bestilt og kjøpt inn ved frå Lena Romtveit. Dette er ei svært god ordning for fjellstyret då leverandøren held lager og fjellstyret kan hente sekkar direkte når ein skal køyre dette inn.

Ved organisering av transportar har det i mange år vorte nytta dugnadsliste og denne er følgd slavisk sidan 2012. Dette har etter styret si meining fungera veldig bra og ein ynskjer å halde fram med dette.

Halvor organiserar transportar som før.

Det kjem fram fylgjande ting som må ordnast ila vinteren 2021:

- Sette inn vindauge i gangen på Meinsvatn – Jarle bestiller
- Nytt batteri Meinsvatn- Halvor ordnar dette
- Redningsvestar Kostveit- Halvor organiserar og kjøper inn
- Reparere tak på båthus Kostveit- køyre inn shingel i vinter og rep til sommaren- Halvor organiserar.

Det har kome spørsmål om å få lagre ei lita kasse på hyttene. Fjellstyret er positiv til at dette kan gjerast under sengene. Må følgje med på denne ordninga slik at det ikkje vert rot. Det er viktig at kassene er musetette.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.



Sak 20/20: Byggesaker

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det har kome svar på byggesøknader på nye uthus på Kostveit og Saltpytt. Dette er sendt ut til styret tidlegare.
Fjellstyret må avgjere korleis ein skal jobbe vidare med dette og kva som skal prioriterast.

Forslag til vedak:

Referat:

Styret ser at det kan verte dårlege tider økonomisk framover og ynskjer derfor å prioritere det mest naudsynte fyrst.

Styret ser derfor på nytt uthus på Saltpytt som noko som kan vente ei stund enno og ein kan kome tilbake til dette om eit par år.

Styret ynskjer å gå vidare med nytt uthus på Kostveit og få inn materialar til fundament til vinteren. Endeleg plassering av uthuset avklarast også.

Meinsvatn: her er det problem med at stubbeloftet i gangen og på oppsynsrommet dett ned. Dette må takast. Ein kjem ikkje til undanifrå og må derfor gjere jobben frå innsida. Dvs at golvet må rivast i både gangen og på oppsynsrommet.

Fjelloppsynet tek mål og lagar materialliste, samt riv ut alt som må fjernast i oppsynsrommet og gjer klart til arbeidet. Halvor gjer avtale med ein eller to personar som gjer dette arbeidet på dugnad.
Det må søkjast om 3 turar til dette føremålet- ansvar sekretær.

Vedtak:

Styret ynskjer å gå vidare med dei ulike byggjeprojekta i tråd med vurderingar gjort i referatet.

Samrøystes.

Sak 21/20: Orientering frå sekretær, aktuelle saker

Saksdokument:

Saksutgreiing:

- Orientering om CWD-seiste nytt etter haustmøtet.
- Eventuelt anna nytt etter haustmøtet

Framlegg til vedtak:



Ingen

Referat:

- Kort orientering om CWD.
- Kort orientering om HF, drift, økonomi og permisjonssøknader.

Vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 22/20: Eventuelt

Saksdokument:

Ingen

Sakssutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Ingen

Referat:

Det kom ikkje opp saker under eventuelt.

Vedtak:

